



Kviteseid kommune

TRYGT OG GODT MILJØ I BARNEHAGEN



Du berre

du berre såg på meg
du visste med ein gong
kva eg vill ha

eg visste det nesten
ikkje sjølv ein gong

men du berre rette
frem handa den gong
og sa: her er eg.

Oskar Stein Bjørlykke

Innhald

Føremål	2
Overordna mål	2
Delmål	2
Ansvarsfordeling	2
Trygt og inkluderande barnehagemiljø	3
Sosial og emosjonell kompetanse (Livsmeistring)	3
Kva er negativ åtferd og krenkingar blant barn?	3
Førebyggjande tiltak som fremjar eit trygt og inkluderande barnehagemiljø	4
Aktivitetsplikta	5
Barnehagelova § 41-43	5
Handlingssløyfa	6
Skjerpa handlingsplikt når vaksne krenkar	7
Barnehagen sine faste rutinar for å avdekke	7
Undersøking- og tiltaksfasen	7
Sjekkliste for aktivitetsplanen	8
Vedlegg	8
«Barn sin rett til å bli høyrd. Retningslinjer for gjennomføring av samtaler med barn»	8
«Dokumentasjon ved melding til styrar»	8
«Aktivitetsplan for å sikre at barnet har eit trygt og godt barnehagemiljø»	8



Føremål

Alle tilsette ved barnehagane har eit felles ansvar for å skape eit trygt, godt og inkluderande miljø. Dei har også eit felles ansvar for å førebygge, avdekke, motverke og stoppe krenkande åtfærd og mobbing. Denne planen skal sikre eit systematisk arbeid og at alle er kjent med pliktane og prosedyrane for å skape eit trygt og godt miljø for alle barn i barnehagane.

Overordna mål

Alle barn i barnehagane i Kviteseid skal oppleve eit trygt, godt og inkluderande miljø.

Delmål

- Alle tilsette skal ha god og oppdatert kunnskap om kva som fremjar eit inkluderande fellesskap
- Alle tilsette skal arbeide aktivt for gode relasjonar til alle barna og vera gode rollemodellar for eit trygt, godt og inkluderande fellesskap

Ansvarsfordeling

Kommunalsjef skule og barnehage:

- Ansvar for at styrarane til ei kvar tid kjenner til planen og har rett kompetanse
- Ansvar for revisjon av planen

Styrar:

- Ansvar for å sikre at personalet har nødvendig kompetanse
- Ansvar for at alle i personalet, også tilkallingsvikarar, kjenner til planen og innhaldet i den
- Ansvar for at alle føresette til ei kvar tid kjenner til planen og rettane sine ved t.d. å informere om dette på foreldremøte

Pedagogisk leiar:

- Ansvar for at planen blir arbeida med på avdelingane
- Ansvar for å informere og rettleie dei andre tilsette på avdelinga

Alle tilsette:

Alle har ansvar for å arbeide i samsvar med planen

Trygt og inkluderande barnehagemiljø

Sosial og emosjonell kompetanse (Livsmeistring)

Sosial og emosjonell kompetanse er ein basiskompetanse som barn treng for å kunne fungere i eit sosialt fellesskap og sjølv bidra positivt til dette. Forsking viser at sosial og emosjonell kompetanse er noko som utviklast og lærast gjennom heile livet.

Det er fem grunnleggjande dimensjonar ved sosial og emosjonell kompetanse:

1. Barn sine evne til å vise empati for andre sine kjensler og synspunkt.
2. Samarbeide med andre, hjelpe og vera gjensidig avhengig av kvarandre.
3. Sjølvhevdning ved å kunne be andre om hjelp og å kunne stå for noko sjølv.
4. Sjølvkontroll ved å tilpasse seg, vente på tur og sei i frå utan å bli sint.
5. Ansvarskjensle ved å utføre oppgåver og vise respekt for eigendelar og arbeid.

Barnehagen sitt arbeid med sosial og emosjonell kompetanse er ein del av det daglege arbeidet i barnehagen, og er alle tilsette sitt ansvar.

Kva er negativ åtferd og krenkingar blant barn?

Definisjon på mobbing i barnehage:


«Barn utsettes for negative hendelser fra andre i lek og samspill, der de opplever å ikke være en betydningsfull person for fellesskapet.» (Lund & Helgeland 2015)

Barnet kan t.d. oppleve å bli halde utanfor leiken eller samtala, eller aldri får leie eller sitje ved sida av nokon. Det er handlingar frå vaksne eller andre barn som gjer at barnet ikkje føler at det høyrer til eller er viktig for fellesskapet i barnehagen.

Teikn på at barn trivst og har det bra:

- Smil og latter
- Deltok i leik, kjem med innspel og forslag. Har varierte roller i leiken.
- Har vener
- Har lyst til å gå i barnehagen
- Tør å sei ifrå til ein vaksen dersom det er noko som ikkje er bra.

Det er viktig at du melder frå til barnehagen dersom du oppdagar at ditt eller andre sitt barn ikkje har det trygt og godt i barnehagen. Barnehagen har plikt til å følgje dette opp og leggje til rette for at barnet/barna blir høyrte i saka.



Kjelde: Kongsvinger kommune «Trygt barnehagemiljø»

Førebyggjande tiltak som fremjar eit trygt og inkluderande barnehagemiljø

Den viktigaste innsatsen for ein inkluderande barnehage, er det daglege arbeidet personalet gjer for å skape eit trygt og godt miljø. Eit trygt og godt miljø er når dei vaksne er tilgjengelege og aktive saman med barna, og kor personalet ser, høyrer og involverer seg. Eit inkluderande barnehagemiljø blir skapt av kompetente vaksne som legg til rette for utvikling av gode sosiale ferdigheiter og legg til rette for og hjelper barn inn i leiken og fellesskapet. Barnehagen skal ha ei tydeleg haldning til at negativ åtfærd må stoppast og erstattast av positiv åtfærd. Det er dei vaksne sitt ansvar at dette blir gjort i samarbeid mellom barnehagen og foreldre/føresette.

Alle barn skal oppleve:

- Å bli ønska velkomen i barnehagen kvar morgon
- Å ha nokon å leike med
- Å vere viktige for andre barn og vaksne
- Ein føreseieleg barnehagedag
- Å meistre kvar dag

Aktivitetsplikta

Barnehagelova § 41-43

§ 41 *Nulltoleranse og forebyggende arbeid*

Barnehagen skal ikke godta krenkelser som for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når et barn i barnehagen utsettes for slike krenkelser.

Barnehagen skal forebygge tilfeller hvor barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerlig for å fremme helsen, trivselen, leken og læringen til barna.

§ 42 *Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)*

Alle som arbeider i barnehagen, skal følge med på hvordan barna i barnehagen har det. Alle som arbeider i barnehagen, skal melde fra til barnehagens styrer dersom de får mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Styreren skal melde fra til barnehageeieren i alvorlige tilfeller.

Ved mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen snarest undersøke saken.

Når et barn eller foreldrene sier at barnet ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen undersøke saken og så langt det finnes egnede tiltak, sørge for at barnet får et trygt og godt barnehagemiljø. Det samme gjelder når en undersøkelse som barnehagen selv har satt i gang, viser at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Tiltakene skal velges på grunnlag av en konkret og faglig vurdering.

Barnehagen skal lage en skriftlig plan når det skal gjøres tiltak i en sak.

I planen skal det stå:

- a) hvilke problemer tiltakene skal løse
- b) hvilke tiltak barnehagen har planlagt
- c) når tiltakene skal gjennomføres
- d) hvem som skal gjennomføre tiltakene
- e) når tiltakene skal evalueres.

§ 43 *Skjerpet aktivitetsplikt dersom en som arbeider i barnehagen, krenker et barn*

Dersom en som arbeider i barnehagen, får mistanke om eller kjennskap til at en annen som arbeider i barnehagen, krenker et barn med for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering eller trakassering, skal vedkommende straks melde fra til barnehagens styrer. Styreren skal melde fra til barnehageeieren.

Dersom en som arbeider i barnehagen, får mistanke om eller kjennskap til at styreren i barnehagen krenker et barn med for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering eller trakassering, skal vedkommende melde fra til barnehageeieren direkte. Undersøkelser og tiltak etter § 42 tredje og fjerde ledd skal iverksettes straks.

Handlingssløyfa

Lova gjeld for alle barn i barnehagen, og aktivitetsplikta gjeld for alle som arbeider i barnehagen.

Aktivitetsplikta er sett saman av:

- 1) følgje med
- 2) gripe inn
- 3) melde frå til styrar

Dette viser til punkt 1, 2 og 3 i handlingssløyfa.

Alle som arbeider i barnehagen har plikt til kontinuerleg å følgje med på om alle barn har det trygt og godt. Dersom ein som arbeider i barnehagen ser ein situasjon kor eit barn ikkje har det trygt og godt, har vedkomande plikt til å gripe inn.

Dersom nokon som arbeider i barnehagen eller føresette får kunnskap eller mistanke om at eit barn ikkje har det trygt og godt, skal styrar varslast. Det er styrar sitt ansvar å undersøke saka og sette i verk tiltak. Alle som melder ei bekymring kring eit barn skal bli tatt på alvor.

Styrar har plikt til:

- 4) å undersøke all mistanke og kjennskap
- 5) å sette inn tiltak heilt til barnet igjen har det trygt og godt

Dette viser til punkt 4 og 5 i handlingssløyfa.

Styrar skal syte for at barn får uttale seg og bli høyrd om saka på sitt nivå.



Handlingssløyfa

Skjerpa handlingsplikt når vaksne krenkar

Dersom det er mistanke eller kunnskap om at ein vaksen i barnehagen krenker barn, skal det handlast raskt og strengt. Det er derfor ei skjerpa aktivitetsplikt for desse tilfella, i krav til varsling og tempo i saksgangen.

Ved mistanke eller kjennskap til at ein vaksen krenker, skal styrar straks varslast. Styrar skal straks varsle barnehageeigar. Dersom det er styrar som står bak krenkinga, skal barnehageeigar varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter § 42 tredje og fjerde ledd.

Barnehagen sine faste rutinar for å avdekke

- Foreldresamtaler
- Fast tema på personalmøter
- Rutinar som syter for at vaksne har overblikk over området både ute og inne
- Kartlegging med «trafikklysmodellen» i personalet

Undersøgings- og tiltaksfasen

Døme på verktøy til bruk i undersøgingsfasen:

-Samtale med barn

-Samtaler med tilsette og foreldre

-Observasjon

-Praksisforteljingar

-Loggbok

- «Trafikklysmodellen» (kartlegging av relasjonen mellom barn og vaksen)

Til å analysere situasjonen og velje ut tiltak, kan pedagogisk analyse vera eit godt verktøy. Bruk av pedagogisk analyse gjer at situasjonen blir belyst frå fleire perspektiv (individ, aktør og kontekst). Etter at problemet er drøfta og analysert, skal ein formulere eit mål. Deretter legg ein fram forslag til tiltak for å nå målet. Tiltaka som blir valde, skal vera eigna og tilstrekkelege. Som ein tommelfingerregel bør ein velje to gruppetiltak (tiltak retta mot alle barn) for kvart individuelle tiltak (tiltak berre retta mot barnet som opplever krenkingar eller det/dei som krenkjer). Tiltaka skal tilpassast den enkelte saka og det skal planfestast kven som har ansvar for dei og når dei skal evaluerast.

Sjekkliste for aktivitetsplanen

Aktivitetsplanen er ein skriftleg plan som barnehagen må lage i saker kor undersøkinga syner at ein barn blir ekskludert, utsett for krenkingar eller mobbing

I aktivitetsplanen skal det stå:

- Kva for eit problem som skal løysast/kva er målet (jf. pedagogisk analyse)
- Kva barnehagen har planlagt av tiltak
- Når tiltaka skal gjennomførast. Det bør også stå kva for ei del-utfordring dei ulike tiltaka er tenkt å løyse.
- Kven som er ansvarleg for gjennomføringa av dei ulike tiltaka
- Når tiltaka skal evaluerast. Det bør også stå kven som skal delta i evalueringa av tiltaka.

I aktivitetsplanen kan det også vera lurt å ha med ei kort oppsummering av undersøkinga.

Det vil variere frå sak til sak kor mykje som skal dokumenterast i den enkelte saka.

Dokumentasjonen gjeld arbeidet barnehagen gjer for å sikre at krava til å følgje med, gripe inn, varsle, undersøke og sette inn tiltak er oppfylt i kvar enkelt sak.

Vedlegg

«Barn sin rett til å bli høyrd. Retningslinjer for gjennomføring av samtaler med barn»

«Dokumentasjon ved melding til styrar»

«Aktivitetsplan for å sikre at barnet har eit trygt og godt barnehagemiljø»



Barn sin rett til å bli høyrd

Retningslinjer for gjennomføring av samtaler med barn

Alle barn, uavhengig av alder, språk og funksjonsnivå, har rett til å bli høyrd i saker som gjeld dei. Barn skal som regel høyrast fyrst eller tidleg i sakshandsaminga. Samtale med barn skal vera prega av openheit, vera barnevenlege, basert på respekt og vera informative.

Kvar skal vi høyre barn?

- Barn skal høyrast i trygge og skjerma omgjevnader.
- Det skal settast av nok tid til å høyre barnet.
- Ut i frå tema, tid og alder skal det vurderast om barn skal høyrast aleine eller saman med føresette.

Korleis skal vi høyre barn?

- Barn skal bli opplyst om kven som for vite det dei fortel.
- Barn skal bli opplyst om kva saka gjeld i samsvar med deira alder og utvikling.
- Barn har rett, men ikkje plikt til å uttale seg.
- Barn skal bli opplyst om kva som blir utfallet av saka.
- Barn skal få uttale seg fritt. Det skal ikkje leggast føringar eller stillast leiande spørsmål.

Kven skal høyre barn?

- Barn skal i utgangspunktet høyrast av nokon dei har ein relasjon til og kjenner seg trygge på.
- I særleg sensitive saker bør barn høyrast av noko som har spesiell kompetanse eller erfaring med å høyre barn.

Kva for vekt skal vi legge til barn sine synspunkt?

- Barn sine synspunkt skal vektas i samsvar med alder og utviklingsnivå.
- Barn sine synspunkt skal alltid telje.
- Styrken i barnet sine ynskjer/uttaler skal takast omsyn til.





Kviteseid kommune

DOKUMENTASJON VED MELDING TIL STYRAR

Styrar fyller ut og arkiverer dette skjema ved melding.

Barnehage:	Avdeling:
Namn og tittel på den som melder:	Dato:
Meldinga gjeld (namn):	
Kva gjeld saka:	
Korleis blei saka oppdaga?	
Kva har blitt gjort i saka så langt («gripe inn»):	
Dersom tilsette i barnehagen melder. Er saka drøfta med foreldre?	

Barnehagestyrar har ansvar for at dette dokumentet blir arkivert.



Kviteseid kommune

AKTIVITETSPLAN FOR Å SIKRE AT BARNET HAR EIT TRYGT OG GODT BARNEHAGEMILJØ

Unntatt offentlighet Offl § 13 jfr Fvl §13

Namn på barnehagen:		Dato:
Namn på barnet:	Avdeling:	
Namn på føresette:		
Namn og tittel på den som skriv tiltaksplanen:		
Beskriv kva som gjer at barnet ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø:		
Målformulering (jf. pedagogisk analyse):		
Beskriv kva for tiltak som skal settast inn (NB! Hugs fleire gruppetiltak enn individuelle tiltak):		
Beskriv når tiltaka skal gjennomførast:		
Beskriv kven som er ansvarleg for tiltaka:		
Beskriv kva som er kjenneteikn på at tiltaka har effekt:		
Beskriv når tiltaka skal evaluerast og kven som skal delta i evalueringa:		
Konklusjon etter evalueringa:		

Dersom evalueringa krev framhald av tiltak/nye tiltak:

Beskriv kva for tiltak som skal halde fram og/eller nye tiltak:
Beskriv når tiltaka skal gjennomførast:

Beskriv kven som er ansvarleg for tiltaka:
Beskriv kva som er kjenneteikn på at tiltaka har effekt:
Beskriv når tiltaka skal evaluerast og kven som skal delta i evalueringa:
Konklusjon etter evalueringa:

Dersom evalueringa krev framhald av tiltak/nye tiltak:

Beskriv kva for tiltak som skal halde fram og/eller nye tiltak:
Beskriv når tiltaka skal gjennomførast:
Beskriv kven som er ansvarleg for tiltaka:
Beskriv kva som er kjenneteikn på at tiltaka har effekt:
Beskriv når tiltaka skal evaluerast og kven som skal delta i evalueringa:
Konklusjon etter evalueringa:

Når saka avsluttast:

Beskriv møte/samtale kor partane er einige om at barnet nå har eit trygt og godt barnehagemiljø og saka avsluttast (deltakarar, tidspunkt, konklusjon):

Barnehagestyrar har ansvar for at dette dokumentet blir arkivert.